

Innlegg på årsmøtet i Hordaland Bondelag av Marianne Nordhus

Metoo er både dessverre og heldigvis blitt eit tema i organisasjons og arbeidslivet. Vi vil gjerne ynskje inn nye unge tillitsvalgte i organisasjonane, men det er viktig å bli bevisst på fordommar som diverre lev i beste velgående.

Eg trur det er viktig å vere bevisst på at det er meir enn bare «tafsing» for å sei det slik. Det vert iblant sagt ting som ikkje høyrer heime nokon stad. Av ellers kloke flinke oppegåande godt vaksne folk. Og ting som vert sagt kan faktisk vere verre ein ein klaps på baken. Samtidig som landbruksorganisasjonane ynskjer unge, gjerne damer inn som tillitsvalte så kan dei likevel møte haldningar som dette.

Eg fekk høyre frå ei som ein kveld etter ein konferanse hadde fått slengt på seg følgande setning: «Eg ville bare snakke litt med deg, for eg veit jo ikkje så mykje om deg. Om du bare er dum og deilig, eller om det er meir i deg enn det.» Og damer, er det slik at om de treff ein kjekk mann i eit tillitsvern så fell det seg heilt naturleg å sei samme setning til han. Å spør han om det er noko meir der, eller om han bare er dum og deilig...?

I selskap med andre som i snitt nesten er ein generasjon eldre. Og på fagområder og tema ho framleis var ny i. Så var ho den første til å innrømme for meg at ho ikkje alltid kjenner seg like lur. Det er jo lett for dei fleste av oss å kjenne seg att i. Uansett, ho vil nok i hans auger alltid vere dummare enn han. Han hadde jo bestemt det, før han møtte ho.

Eg er glad eg fekk høyre om dette, og at eg kan bruke det som eit eksempel. Ein skal ikkje måtte forsvare seg for slikt, men nokre tankar kjem jo i kjølvatnet av det.

Slik eg ser det frå utsida så er det uansett ikkje dumskap. Det er forskjellar.

Blant anna at han har levd nesten dobbelt så lenge som ho. Levd eit anna liv, har meir erfaring og mykje lengre læringstid. Det er og fordi at det er hans kunnskap han tenker ut frå, ikkje hennar. Ein skal aldri ta for gitt at alle andre kan det same som deg. Det gjer dei ikkje automatisk dum, om dei bær på ein anna kunnskap enn deg. Av og til snarare tvert i mot. Det er jo noko av det fine med at me er forskjellige, at me kan lære av kvarandre.

Når alt kjem til alt, så er eg sikker på at denne dama kan ganske mykje som han som sa dette, ikkje kan. I tillegg meiner han tydeligvis at ho ser bra ut. Så det må jo vere fint å ha med seg, om enn sagt på ein litt ufin måte. Eg håpar ho fortsett i sine verv, fortsett gjere sitt beste og ikkje minst kjem til å fortsett å engasjere seg! Og at ho fortsett å pynte seg å vere seg sjølv og ikkje lar slike påstandar endre den ho er.

Eg vart litt sjokkert over å høyre om det, men samtidig er det viktig å vere oppmerksom på at desse tankane er der. Dei er faktisk det. Sjølv om eg eller dei fleste eg kjenner ikkje bær liknande tankar sjølv, der er me også forskjellige. Eg kan jo sei at eg håpar at når eg kjem i hans alder at eg ikkje har opparbeida slike fordommar. At eg møter både unge og jevnaldrande med respekt og opent sinn. Uavhengig av korleis dei ser ut. Slik forøvrig dei aller fleste eg treff faktisk, og heldigvis gjer. Det skal og vere sagt at det var første gong eg høyrote om noko slikt i landbruks samanheng med slike fordommar, så direkte.

Me skal behandle kvarandre med respekt, me skal spele kvarandre gode og heller lære av kvarandre enn å snakke kvarandre ned. Som Lars Petter Bartnes sa, det er noko som heiter folkeskikk.